



Fylkesmannen i Hordaland  
Helse- og sosialavdelinga

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2462 - 16/4639

Saksbehandlar:  
Terje Sætre  
Terje.Saetre@lindas.kommune.no

Dato:  
19.02.2016

## Tilbod om krisesenter i kommunane

Viser til Dykkar skriv av 10.12.2015 om tilbod om krisesenter i kommunane.

Lindås kommune har samarbeidsavtale med Bergen kommune som vertskommune om krisesentertilbod.

Korleis tilbodet blir ivareteke for personar med rus/psykisk helse/funksjonshemming/valdsutsette menn og deira born/andre vil variere. I nokre tilfelle er det hjelpetrengande sjølve som tek kontakt med krisesenteret. I andre tilfelle kan det vere t.d. barnevernet, skule, barnehage, lege, psykisk helseteneste, rusteneste eller sosialtenesta som kan ta initiativ overfor dei berørte – med sikte på dette tilbodet .

Kommunen har gjennom samarbeidsavtale med Bergen kommune sikra at innbyggjarar kan få tilbod om krisesenter. Ingen bestemt instans i Lindås kommune er tillagt eit koordinerande ansvar for dette.

Kommunen har ingen generell informasjon til innbyggjarande om krisesentertilbodet. Informasjon blir formidla gjennom kommunale aktørar som lege, skule, barnevern m.v.

Krisesenteret tek kontakt med kommunen/aktuelle kommunale instansar om oppfølging, gitt samtykke frå klient.

Med helsing

Terje Sætre  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*





